

# **Konseptstudie**

## **UTVIDING IKT SAMARBEID**

## Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Prosjektgrunnlag og beskrivelse av konseptet .....	3
2.1. Konseptfasen .....	3
2.2. Status på IKT samarbeid .....	3
2.3. Styrings/samarbeidsalternativ .....	4
2.4. Moglegheiter ved utvida IKT Samarbeid .....	4
2.5. Ressursar og konsekvensar ved utviding .....	5
2.6. Forventa gevinstar av prosjektet .....	6
3. Kommunar som kan vere aktuelle til å delta i samarbeidet.....	6
3.1. Kartlegging av kommunar .....	6
3.2. Utviding av IKTNH med Austevoll, Samnanger og Gulen .....	7
4. Hovudprosjekt - detaljering .....	8
5. organisering av HovUdprosjekt .....	9
5.1. Skisse til overordna prosjektplan .....	10
5.2. Fasar og hovudleveransar .....	10
5.3. Kostnader i prosjektet .....	10
5.4. Risikovurderingar: .....	11
5.5. Modell for utviding .....	11
6. Rammevilkår .....	11
6.1. Føringar for prosjektet .....	11
6.2. Avgrensingar i prosjektet .....	12
6.3. Rettslege reguleringar .....	12
6.4. Bindingar .....	12
6.5. Føresetnader for ei vellukka gjennomføring.....	12


## 1. INNLEIING

Kommunane, innbyggjarane og næringslivet sine krav og forventningar til digitalisering av kommunale tenester og arbeidsprosessar aukar sterkt. Nordhordland må møte denne utfordringa med å sjå på korleis ein organiserer og nyttar ressursane. Gjennom IKT Nordhordland (IKTNH) har Nordhordland ein felles IKT teneste som leverer drift, forvaltning og støtte til kommunane. Kommunane i Nordhordland deler på kostnadene på IKTNH og dei tenestene som vert produsert gjennom selskapet. IKTNH kan nytte ressursane på ein meir optimal måte dersom ein får til ei utviding med fleire kommunar.

I dette perspektivet vil det vera eit viktig bidrag å vurdere om det er grunnlag for å få fleire kommunar med i samarbeidet. Med fleire deltakande kommunar kan det medføre ei gevinstrealisering for Nordhordland kommunane samtidig som det kjem til nytte for fleire kommunar i Hordaland. Ei utviding av samarbeidet kan bidra til at ein får frigjort tilstrekkeleg med ressursar til å styrke tenestene samtidig som det vert etablere eit godt grunnlag for ei forsterka satsing på digitalisering og innovasjon i kommunane.

Dette notatet beskriv resultatet av konseptfasen NUI har fått mandat for å utgreie basert på kommunestyrevedtak om å vurdere utviding av samarbeidet i Nordhordland.

Prosesen for å behandle saka om eventuell utviding av samarbeidet kan beskrivast på fylgjande måte:



## 2. PROSJEKTRUNNLAG OG BESKRIVELSE AV KONSEPTET

### 2.1. Konseptfasen

I konseptfasen er det sett på om der er grunnlag for å utvide IKTNH. Behovet for ein konseptfase er mellom anna blitt aktuelt då fleire kommunar har kontakta IKTNH for å bli orientert om samarbeidet og om der er mogeleg å vurdere deltaking i samarbeidet.

Det er mellom anna sett på:

- Er det grunnlag og tenleg for IKTNH å bli større i form av deltakande kommunar
- Er det kommunar som er interessert i å utgreie eit eventuelt samarbeid
- Er det mogleg å imøtekoma kommunar som har meldt si interesse for å delta i samarbeidet

Konseptfasen skal gi grunnlaget for å vurdere om ein skal gå vidare med eit større prosjekt.

### 2.2. Status på IKT samarbeid

Kommunane i Region Nordhordland har sidan 2011 hatt eit samarbeid på drift, driftsstøtte og forvaltning av IKT-tenester. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Austevoll kommune har sidan 2015 blitt drifta av IKTNH. Samarbeidet har frå første dag gjeve

betydelege vinstar for kommunane i Region Nordhordland, og er i dag eit velfungerande driftssamarbeid innan IKT.

I tillegg til dette har kommunane eit samarbeid innan digitalisering og utvikling. Målretta ressursar for dette området er lagt under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI), noko som organisatorisk synleggjer skilnaden mellom digitalisering/utvikling - og IKT-driftstenester.

Vertskommunesamarbeidet har gitt ein god plattform til vidare utvikling av digitale kommunale tenester. Forventningar og krav til digitalisering er store og vil auke sterkt framover frå sentrale og lokale myndigheiter samt innbyggjarar og næringsliv. Dette vil krevje ein større innsats frå kommunane i form av ressursar, kapasitet og kompetanse for utvikling og endring av tenesteproduksjon.

### **2.3. Styrings/samarbeidsalternativ**

IKTNH var fram til våren 2018 organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid. Kommunestyra vedtok denne våren at IKTNH skal vere eit samarbeid etter kommunelova § 27. Dette for å få eit selskap som oppfyller lov om offentlege anskaffingar sitt krav til unntak for eigenregi. Denne omorganiseringa gir også eit grunnlag for utviding av selskapet med nye kommunar. Ei eventuell utviding må handsamast (godkjennast) av alle kommunestyra (eigarane).

Det er fleire område som må avklarast for å utarbeide endeleg styringsmodell. Områda kan delast opp i «Operative område», «Formelle område» og «Vedtak og Avtale dokument», dette må utgreiast i eit hovudprosjekt. (Sjå kap. 4.2)

### **2.4. Moglegheiter ved utvida IKT Samarbeid**

I Hordaland er det no særskilt fokus på digitalisering og utvikling og det har vore fleire møter og konferansar der dette har vore tema. Fylkesmannen og KS har engasjert seg sterkt og oppmodar kommunane til å utvikla samarbeid.

Me har som kommunar eit ansvar å bygga ein solid grunnmur for framtida sitt digitale hus. Denne grunnmuren omfattar infrastruktur, drift, driftsstøtte og forvaltning av IKT-tenester. Samarbeid om dette vil understøtta og komplementere digitaliseringssamarbeidet som er under etablering. Eit viktig bidrag til dette vil vere ei utviding av IKT drifts- og tenestesamarbeid som omfattar fleire kommunar enn IKTNH er i dag.

Eit samarbeid om IKT drift vil gjere det mogeleg å endre fokus i kommunane frå drift, av til dels utdaterte løysingar, til å fokusere på utvikling av tenester for innbyggjarane og få ein meir tenleg utnytting av ressursane.

For at eit utvida samarbeid skal kunne fungere godt er det nødvendig at IKTNH utviklar ein god Tenesteavtale/SLA avtale (Service Level Agreement) og at organisasjonen vert i stand til god oppfølging av avtalane med kvar kommune. Ein må og sikre at det vert etablert god forståing av roller og mandat hos alle eksisterande og nye kommunar i §27 samarbeidet.

Auka tal kommunar tilknytt IKTNH vil gi auka krav til profesjonalisering og strukturering av arbeidet. Det vil også gi auka krav til bestillar kompetanse hos kommunane.

Felles IKT drift gir eit betre grunnlag for auka digitalisering og gevinstrealisering hos kommunane. Men ansvaret for gevinstrealisering og utvikling/digitalisering er framleis lokalt/kommunane.

## 2.5. Ressursar og konsekvensar ved utviding

### Dagens ressursbruk

IKTNH har i dag om lag 22 årsverk. Desse årsverka vert nytta til desse tenestene:

- Brukarstøtte
- Drift
- Applikasjonsvedlikehald
- Datautstyr og nettverk
- Prosjektgjennomføring
- Administrasjon og innkjøp

Dette fordeler seg igjen på desse systema/områda – litt forenkla:

- Sektor uavhengige: Visma økonomi og HRM/ Sak og Arkiv
- Teknisk sektor
- Helse/sosial
- Oppvekst

I tillegg til personalkostnader er det kostnader knytt til:

- Lisensar og avgifter
- Linjeleige og telefoni
- PC og utstyr
- Service og driftsavtalar
- Konsulenttenester og andre eksterne tenester

Ein del av kostnadane til IKTNH er felles innkjøp som vert fakturert direkte vidare til kommunane. Det gjeld mellom anna ein stor del av lisensane/avgifter, linjeleige, utstyr og arbeid utført direkte frå IKTNH til kommunane. I 2017 var dette nesten 12 mill. kr.

Den delen som vert fordelt på kommunane utgjorde i 2017 21,9 mill. kr og det fordeler seg slik:

	Mill kr
Personalmessig kostnader - lønn, kontorplass, reiser, kurs osv	15,2
PC og utstyr, linjeleige, service og driftsavtalar	1,4
Lisensar	2,4
Eskterne tenester	2,9
<b>Felles iKT kostnader</b>	<b>21,9</b>

### Utviding – konsekvensar for ressursbruken

Endring i kostnader og ressursbruk ved eventuell utviding av IKTNH vil vere avhengig av:

- Kva type kommune som vert med – storleik og eventuelle krav til tenestene/system
- Om der er kapasitet innanfor gjeldande ressursbruk

Ei overordna vurdering syner at ein kan levera dagens teneste til fleire kommunar med eit positivt økonomisk resultat som dei samarbeidande kommunane vil kunne nytta til investeringar i digitalisering utan å auka totalkostnadane for IKT.

I tillegg kan det vere kapasitet innanfor innkjøp, lisensar og utstyr som også kan nyttast betre ved ei utviding. Denne innsparinga kan også vere med å finansiere nye tenester/investeringar som etter kvart vil vere eit krav/naudsynt. Større utviding kan gi større innsparingar.

Konsekvensane for ressursbruk ved utviding vil bli nærare utgreidd i hovudprosjektet med konkrete kommunar. Det er i kap. 3.2 sett nærare på ei utviding med kommunane Gulen og Samnanger.

## 2.6. Forventa gevinstar av prosjektet

I konseptfasen er det identifisert fleire potensielle gevinstar ved ei utviding som vil bli evaluert vidare i eit hovudprosjekt. Det er gevinstar innanfor økonomi, kompetanse, organisering og utvikling/digitalisering.

Kommunal IT-drift må tilby profesjonelle tenester etter kvart som teknologien blir «meir forretningskritisk» og brukarens forventningar veks. Døgnopen tilgang til innholdsrike portaltjenester krev sikker infrastruktur og robuste IT-løysingar.

Erfaringar viser at gevinstpotensialet ved samarbeid er større dess tettare og meir omfattande samarbeidet er og at det dreier seg om kjerneoppgåver.

### Gevinstoversikt

I hovudprosjektet skal ein vurdere potensielle gevinstar, som vil vere innanfor områda kvalitet, kapasitet og økonomi. Nokre av dei identifiserte gevinstantane er:

Gevinstar	For kven, og korleis, oppstår gevinsten?
Kvalitet	Ein større organisasjon kan levere meir profesjonalisert drift
	Høgare servicenivå
	Tilfang av ny kompetanse
	Ytterlegare spesialisering innanfor ein rekkje områdar.
	Høgare kompetanse på løysingane
Kapasitet	Tilby fleire og utvida tenester
	Gjenbruk av data
	Tilgang på kompetanse
	Betre fordeling av ressursar ved behov og ved syklusar
	Fleire hender som kan løyse same oppgåver. Kritisk kompetanse
	Behalde kompetanse i organisasjonen
	Betre utnytting av felles ressursar
Økonomi	Skalagevinstar: Faste kostnader vert fordelt på fleire partar
	Større innkjøp
	Reduserte administrasjonskostnader pr. deltakar
	Reduserte kostnader pr. deltakar kommune

## 3. KOMMUNAR SOM KAN VERE AKTUELLE TIL Å DELTA I SAMARBEIDET

### 3.1. Kartlegging av kommunar

Samstundes som Nordhordland vurderer utviding med fleire kommunar er det kommunar i Hordaland som har teke kontakt med ynskje om å melda seg inn i samarbeidet på IKT. Fylkesmannen i Hordaland har og uttalt at det er naudsynt å sjå på samarbeid innanfor IKT tenester i fylket. Nordhordland er difor oppmoda av fylkesmannen om å søka skjønnsmidlar for å utgreie eventuell utviding av samarbeidet med grunnlag i IKTNH.

Det er på bakgrunn av dette identifisert 7 kommunar som ynskjer eller vurderer å delta i samarbeidet i Nordhordland. Dette er basert på eigen kartlegging samt invitasjonen til kommunane i Hordaland datert 23. februar 2018. Kommunane kan delast opp i to hovudgrupper.

### Gruppe 1

Det er 3 kommunar som signaliserer tydeleg at dei ynskjer å gå inn i samarbeidet.

- Austevoll (får tenester frå IKTNH men vil bli ein del av det formelle samarbeidet)
- Samnanger
- Gulen

Austevoll kommune mottar tenester frå IKTNH. Det er ingen grunn til at den leveransen skal stoppe opp. Det fortsetter som no.

Gulen er medlem av Regionrådet i Nordhordland og deltek i mykje av samarbeidet i Nordhordland. Dei bør bli med i IKTNH som vanleg som medlem så raskt som det lar seg gjere.

Samnanger er også ein mindre kommune som ser eit stort behov for å få ei meir stabil drift av IKT. IKTNH har vore i samtale med kommunen og konklusjonen er at IKTNH har kapasitet til å drifte kommunen utan vesentleg auke i ressursbruken. IKTNH vil difor starte med å drifte Samnanger på same måte som Austevoll.

I kap. 3.2 er det vist nærare kva ei utviding med desse kommunane har å sei for IKTNH.

### Gruppe 2

Det er 4 kommunar som har vist konkret interesse for å delta i ei utgreiing om IKT samarbeid:

- Kvinnherad
- Odda
- Ullensvang
- Jondal

For kommunane i gruppe 2 må vi utgreie nærare. Dette er større kommunar med meir komplekse behov. Det må difor utgreiast nærare i eit hovudprosjekt korleis ei slik utviding kan gjennomførast og konsekvensane (kap. 4). Når hovudprosjektet er ferdig bør det vere klarlagt kven kommunar som er aktuelle for å gå inn i IKTNH. Da vil det også vere naturleg å ta med Austevoll og Samnanger i den utvidinga (Gulen har gjerne gått inn før).

Det er i tillegg til dette mange kommunar i Hordaland som i næraste framtid vil ta strategiske val på IKT området. Det er viktig at Nordhordland deltar i den grad det er mogleg i desse vurderingane og er ein aktiv medspelar. Det er tilstrekkeleg tal kommunar som har meldt si interesse til at det er grunnlag for å gjennomføre eit hovudprosjekt for å utgreie utvida samarbeid på IKT området.

## 3.2. Utviding av IKTNH med Austevoll, Samnanger og Gulen

Austevoll kommune blir drifta som tidlegare, ingen endring. Det er gjort ein meir detaljert kartlegging av Samnanger og Gulen for å sjå på korleis dei kan driftast av IKTNH.

Planen er at Samnanger vert drifta på tilsvarande måte som Austevoll, kjøper tenester frå IKTNH. Samnanger har i dag eit behov for støtte innanfor IKT-drift.

Gulen vil søke om å bli fullverdig medlem av IKTNH. Det er naturleg i og med at dei er medlem i Regionrådet Nordhordland og deltar i andre ulike samarbeid og ønskjer derfor også at IKT-drifta skal ligge i Nordhordland.

Både Gulen og Samnanger er kommunar som har like fagapplikasjonar og klientplattformer som kommunane i Nordhordland og det vil derfor være synergiveinstar ved å ta over drifta.

IKTNH vil legge fagapplikasjonar frå dei nye kommunane inn på eksisterande applikasjonsplattform. Den kapasiteten som IKTNH har i dag kan drifte dette og vil ikkje føre til auka investeringar. Det same er gjeldane på kapasitet, lagring og back-up.

Dei aktuelle kommunane gir minimalt med auke på feilretting, vedlikehald og forvaltning innanfor applikasjonsdrift. Det er ein operasjon uansett om det er 10 eller 12 kommunar. Den totale vurderinga er at drifta av desse to kommunane kan skje innafør dagens bemanning til IKTNH. Det vil vere nokon kostnader som vil auke på grunn av auka volum, nokon lisensar og avgifter.

Konklusjonen er at overtaking av drifta av kommunane vil føre til fleire kommunar å dele kostnadene på. Dei to nye kommunane (Gulen og Samnanger) vil med dagens kostnadsmodell gi eit netto bidrag på om lag 2,0 – 2,5 mill. kr på drifta.

	Innb.tal	Dagens fordeling			Ny fordeling			Endring
		Fast	Innb tal	SUM	Fast	Innb tal	SUM	
1244 Austevoll	5 189	0,8	1,6	2,4	0,7	1,5	2,2	- 0,2
1251 Vaksdal	4 127	0,8	1,3	2,1	0,7	1,2	1,9	- 0,2
1252 Modalen	380	0,8	0,1	0,9	0,7	0,1	0,8	- 0,1
1253 Osterøy	8 125	0,8	2,5	3,3	0,7	2,4	3,1	- 0,3
1256 Meland	8 079	0,8	2,5	3,3	0,7	2,4	3,0	- 0,3
1260 Radøy	5 129	0,8	1,6	2,4	0,7	1,5	2,2	- 0,2
1263 Lindås	15 789	0,8	4,9	5,7	0,7	4,6	5,3	- 0,4
1264 Austrheim	2 902	0,8	0,9	1,7	0,7	0,8	1,5	- 0,2
1265 Fedje	561	0,8	0,2	1,0	0,7	0,2	0,8	- 0,1
1266 Masfjorden	1 730	0,8	0,5	1,3	0,7	0,5	1,2	- 0,2
SUM Dagens	52 011	8,0	16,3	24,3				<b>-2,3</b>
1242 Samnanger	2 463				0,7	0,7	1,4	
1411 Gulen	2 345				0,7	0,7	1,4	
SUM NY	56 819				8,2	16,6	24,8	

#### 4. HOVUDPROSJEKT - DETALJERING

Arbeidet med konseptfasen har avklart at det er tilstrekkeleg grunnlag for å starta eit hovudprosjekt. Hovudprosjektet vil danne endeleg grunnlag for vedtak i kommunestyra i dei enkelte kommunane som er innanfor samarbeidet og kommunar som ynskjer å delta i samarbeidet. I tillegg vil prosjektet avklare og ha dialog med kommunane om samarbeid på digitalisering og innovasjon.

Prosjektet vil mellom anna adressere fylgjande område:

Operative område	Formelle område:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegging av dagens organisering</li> <li>• Service Manager organisering <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Oppfølging SLA</li> <li>○ Nye tenester</li> <li>○ Koordinering leveransar</li> <li>○ Koordinere Innovasjon og utvikling</li> <li>○ Forvaltning og eskalering</li> </ul> </li> <li>• Bestiller organisering på kommune/region nivå</li> <li>• Fagorganisering innanfor tenesteområda</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Formell organisering - styringsmodell <ul style="list-style-type: none"> <li>○ §27 organisering</li> <li>○ Representantskap</li> <li>○ Styret</li> <li>○ Dagleg leiar rolle og ansvar</li> </ul> </li> <li>• Avklare styringsmodell for IKT styring og digitalisering i tenesteområda til nye kommunar</li> <li>• Koordinering og kontaktpunkt mot nye kommunar kan ha fleire former. Nokre av desse er:</li> </ul>



<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Bestiller organisering innanfor tenesteområda</li> <li>○ Logistikk og andre tenester</li> <li>● Support tenester lokalt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Reint kunde og leverandør forhold medfører til «ein til ein» samhandling</li> <li>○ Kunde/region forhold medfører koordinerte kommunar</li> <li>○ Med styringsmodell for IKT styring og digitalisering</li> </ul>
<p><b>Vedtak og Avtale dokumenter:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Kommunestyrevedtak</li> <li>● Vedtektene</li> <li>● SLA (Service Level Agreement) avtalen</li> <li>● Innkjøpsavtaler</li> <li>● Samarbeidsavtaler</li> <li>● Lisensavtaler</li> <li>● IKT Strategi for alle deltakande kommunar</li> <li>● Digitaliseringsstrategi for alle deltakande kommunar</li> </ul>	<p><b>Strategiske område:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Beskrive mogleg målbilete</li> <li>● Beskrive, kartlegge og analysere moglegheiter for nye kommunar</li> <li>● Økonomiske konsekvensar for kommunane med gevinstar og kostnader</li> <li>● Risiko for kommunane ved utviding av samarbeidet og i eventuell gjennomføring</li> <li>● Føresetnader</li> <li>● Dialog med sentrale interessentar. Eksempelvis KS og Fylkesmannen</li> <li>● Dokumentasjon og utarbeiding av rapport.</li> </ul>

## 5. ORGANISERING AV HOVUDPROSJEKT

Eit hovudprosjekt skal forankrast i dei eksisterande kommunane i IKT samarbeidet og i nye kommunar. Nordhordland Utviklingsselskap IKS vert eigar av prosjektet og har organisatorisk ansvar for gjennomføring og finansiering.

Storleiken på prosjektet vil vere avhengig av kor mange kommunar som melder interesse for å gå inn i IKT samarbeidet med Nordhordland. De vert difor lagt til grunn ein organisering som kan tilpassast dette og utvidast ved behov.

### **NUI:**

Eigar av prosjektet

### **Styringsgruppe:**

Utvalde representantar frå eksisterande og nye kommunar

Ansvar for å sikre at prosjektet har tilgjengelege ressursar og økonomi

Rapporteringspunkt for prosjektleiar og godkjenning av prosjektets framdrift

### **Hovudprosjekt:**

Deltakarar – Prosjektleiar og medlemmar i hovudprosjektet


Ansvar for prosjektgjennomføring i samsvar med prosjektet sitt mandat

### **Delprosjekt:**

Deltakarar er delprosjektleiar samt identifiserte ressursar innan kvart område.

Talet på delprosjekt for område som krev utgreiing vil variere.

Ansvar for å utgreie av kvart område samt føreslå naudsynte tiltak



### 5.1. Skisse til overordna prosjektplan

Merk at dette er:

- Ei første skisse til ein prosjektplan, som skal vidareutviklast og forfinast i planleggingsfasen
- Ei overordna skisse av kva som skal leverast i kvar fase/delfase
- **Ikkje** en aktivitetsplan for arbeidet som skal gjerast i kvar fase. Dette blir ein del av dei faseplanane for neste fase som blir utarbeidde mot slutten av den føregåande fasen.

### 5.2. Fasar og hovudleveransar

Aktiviteter 2018:

ID	Aktivitetsnavn	Start	Slutt	Varighet	2018												2019	
					apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	jan	feb			
1	Prosjektetsvarighet	15.03.2018	26.04.2019	292d	[Gantt bar spanning from March 2018 to April 2019]													
2	Søknadsprosess	15.03.2018	27.04.2018	32d	[Gantt bar from March to April 2018]													
3	Prosjektorganisering, prosjektadmin, ressurser/deltakere. Forankring og diskusjon med deltakere	07.05.2018	28.05.2018	16d	[Gantt bar from May to May 2018]													
4	Mandat, beskrivelse av analyse, verktøy, etc, modeller diskusjon og konklusjon	28.05.2018	15.06.2018	15d	[Gantt bar from May to June 2018]													
5	Kartlegging/faktainnsamling av nøkkeldata i kommunane	01.06.2018	30.08.2018	65d	[Gantt bar from June to August 2018]													
6	Dialogmøter med andre kommuner	01.06.2018	01.11.2018	110d	[Gantt bar from June to November 2018]													
7	Sammenstilling av kartleggingsdata	01.08.2018	31.08.2018	23d	[Gantt bar from August to August 2018]													
8	Evaluering, avklaringer og foreløpige konklusjoner	03.09.2018	03.09.2018	1d	[Gantt bar at the end of September 2018]													
9	Utarbeide forslag til beslutningsgrunnlag	03.09.2018	28.09.2018	20d	[Gantt bar from September to September 2018]													
10	Høringsrunde og oppdatering av dokumenter	01.10.2018	31.10.2018	23d	[Gantt bar from October to October 2018]													
11	Klargjøre og gjennomføre beslutninger om deltakelse	01.11.2018	31.12.2018	43d	[Gantt bar from November to December 2018]													
12	Beslutninger i Nordhordland kommunene knyttet til §27 og utvidelsen	03.12.2018	31.01.2019	44d	[Gantt bar from December 2018 to January 2019]													
13	Kompetansebygging-nettverksbygging-dialogmøter	07.05.2018	31.05.2019	280d	[Gantt bar from May 2018 to May 2019]													

### 5.3. Kostnader i prosjektet

Anslag på kostnader.

Eksterne kostnader: Prosjektleiing og møteutgifter 700 000,-

Interne kostnader: Ressursar tilhøyrande kommunar, NUI og IKTNH

Det er søkt om skjønnmidlar frå fylkesmannen, den er ikkje endeleg besvart. Eksterne kostnader vil bli finansiert innafør IKTNH sine rammer.

#### 5.4. Risikovurderingar:

Det er ei rekke utfordringar ved å gjennomføra ei utviding av samarbeidet, både for kommunane som er i samarbeidet og for nye som ynskjer å komme inn.

Risikobilde som bør utgreiast er:

- Risikobilde for implementeringsprosjektet
- Risikobilde for kommunar i det eksisterande samarbeidet
- Risikobilde av ingen utviding av samarbeidet for samarbeidande kommunar
- Risikobilde for kommunar som ikkje er i samarbeidet å fortsetja med eigen IKT

#### 5.5. Modell for utviding

Utviding av eit § 27 selskap må handsamast i kommunestyra i alle kommunane som er med i samarbeidet og dei som ønskjer å bli med. Det vert ein endring av vedtektene kvar gong.

Sannsynlegvis vil ei utviding av IKTNH skje i fleire omgangar. Ei utviding som vil gjelde mange og til dels ulike kommunar kan bli krevjande for IKTNH og bør difor delast opp. Dei ulike kommunane vil antakeleg ha ulik tidsplan som gjer det lite rasjonelt å ha eit felles løp.

Prosjektet bør difor lage ein god mal for kva utgreiing som må leggest fram for kommunestyra ved ei slik utviding. For å sikre at ein får utgreidd det som er viktig og relevant og at kommunestyra gjer sine vedtak på eit godt forsvarleg grunnlag.

Prosjektet må utarbeide ein mal for kva som må utgreiast med omsyn til organisering, kapasitet og anna ved ei utviding av IKTNH.

## 6. RAMMEVILKÅR

### 6.1. Føringer for prosjektet

Prosjektet skal understøtte strategiske nasjonale føringer innan IKT området med målsetting om auka digitalisering og utvikling i kommunane. I den samanheng har KS, DIFI og Regjeringa sentrale føringer for kommunane.

Lenke til KS Digitalisering er:

<http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/digitaliseringsstrategien/>

Lenke til Regjeringa og KMD er:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/digitalisering-i-kommunal-sektor/id2570258/>

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nytt-digitaliseringsrundskriv--brukeren-skal-settes-i-sentrum/id2570040/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/digitaliseringsrundskrivet/id2569983/>

Lenke til Difi sine områder er:

<https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/digitalisering-og-samordning/kvalitet-pa-nett/kriteriesett>

<https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/digitalisering-og-samordning/digitaliseringsstrategi>

## 6.2. Avgrensingar i prosjektet

Eit prosjekt vil berre involvere kommunar som har meldt si interesse for å delta i utgreiing vedrørande deltaking i §27 samarbeid med Nordhordland.

## 6.3. Rettslege reguleringar

- Organisering og gjennomføring skal gjerast i samsvar med kommunelova
- I forslaget til ny kommunelov er det foreslått at § 27 går ut og vert erstatta av oppgavefelleskap. Dei vedtektene som no er vedteke for IKTNH vil ikkje krevje større endringar for å vere i samsvar med dei krav som er i forslaget til ny kommunelov. Krava i nytt forslag til ny kommunelov § 19 støttar opp under dei vedtektene som no er for IKTNH.

## 6.4. Bindingar

- Innkjøpsavtaler og kontraktar til ny kommunar
- Avklaring og handtering av eksisterande ressursar i nye kommunar
- Infrastruktur
- Investerte driftsmidlar

## 6.5. Føresetnader for ei vellukka gjennomføring

Viktige føresetnader:

- Etablert økonomimodell basert på Tenesteavtale/SLA
- Skape felles strategisk plattform og forståing for samarbeid
- Sikre forankring og lojalitet i kommunane
- Styringsmodell
- Kompetanse og kapasitet